



Kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme

Dato: 03.02.2016

Vår ref: 16/57 - 9 JZM (16/4227)

Dykkar ref:

Fasteaksjonen 2016

Det siste året har vi sett eit enormt engasjement for å vise solidaritet med flyktningar – både dei som kjem til Noreg og dei mange, mange andre som har søkt tilflukt i andre land. Både einskildpersonar, grupper og heile lokalsamfunn stiller opp. Takk for hjartelag og økonomisk støtte!

Kirkens Nødhjelp er vår organisasjon for internasjonal diakoni. Starten var i 1947. Då var det stort behov for naudhjelp i Europa. Og norske kyrkjelydar stilte opp, også for dei som budde i land som blei sett på som fiendar under krigen. Kyrkjelydane omsette den kristne trua si i praktisk handling. No, nesten 70 år seinare, er det vi som får utfordringa – og Kirkens Nødhjelp er igjen vår kanal. Den nye strategien seier at det no skal leggst større vekt på nettopp dette: Tru i praksis.

Snart er det fastetid. Det er ei tid i kyrkjeåret då det er tradisjon for å kombinere bøn og kontemplasjon med engasjement for andre. Mange kyrkjelydar brukar Kirkens Nødhjelp sitt ressursmaterielle Regnbogebøn i fastetida. I regnbogen er det sju fargar, og regnbogematerialet har bønner og anna ressursmaterielle for kvar av dei sju vekene frå oskeonsdag til påske. Regnbogen er håpsteiknet som Gud gav Noah etter storflaumen. Kirkens Nødhjelps symbol, hendene og dua, er henta frå denne bibelteksten. Hendene er Noah sine, og når dua ikkje kjem tilbake, veit han at ein ny start er mogleg.


Også born forstår at folk treng vatn. Opplegget om Superheltar tek born sitt behov for å gjera ein innsats for andre, på alvor. Det er eit godt hjelpemiddel til samarbeid mellom born og vaksne, og gjev kunnskap om den verda vi lever i og korleis også born kan delta i arbeidet for meir rettferd. Og så er det litt kjekt å tenkje på at denne Superhelt-idéen starta nettopp her i Bjørgvin.

Over heile landet var det eit sterkt engasjement før klimatoppmøtet i Paris. Dette engasjementet vonar vi skal halde fram også i fasteaksjonen 2016. Tema for aksjonen er det same som i 2015: I kriser er vatn kritisk. Det er ikkje blitt mindre aktuelt. Skaparverket er truga av menneskeskapt klimaendringar. Og konsekvensane rammar dei fattigaste i verda hardast. Håpet ligg i det store handlingsfelleskapet, at vi saman kjempar for det gode.

Til slutt ei oppmoding til dykk som skal arrangere årets fasteaksjon: Konfirmantane er framleis ryggrada i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon, men skal vi nå alle husstandar, også i tettbygde strøk, er det viktig at dei vaksne tek del. Vi vil difor oppmode dykk til å gjere fasteaksjonen til heile kyrkjelydens aksjon, ein dag då både diakonatet og soknerådet er med. Inviter også konfirmantforeldre, barnegruppene med foreldre,

kyrkjekoret og ungdomsklubben. Slik blir vi mange som levandegjer og synleggjer i lokalsamfunna våre vår felles visjon om diakonien som evangeliet i handling!

Med ønske om Guds signing!

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Halvor Nordhaug'. The signature is stylized and cursive, with a large loop at the end of the last name.

Halvor Nordhaug
biskop